

BETAL UTDANNINGA DI SJØLV !

DETTE ER BODSKAPEN STADIG FLEIRE RØYSTER HAR KOMME MED PÅ STUDIEFINANSIERINGSFRONTEN DEN SISTE TIDA. DEI SISTE SOM HAR SLUTTA SEG TIL HYLEKORRET ER M.A. REKTOR ERLING ANDERSEN VED DATAHØGSKOLEN OG REKTOR INGE LØNNING VED UNIVERSITETET I OSLO.

Førstnemnte lanserte tidlegare i år eit forslag om å innføre ei studieavgift på t.d. 5000 kr. pr. år. Inge Lønning fulgte opp dette i Aftenposten 3.juli i år med å komme med ei grunngjeving for korfor dette er naudsynt: "Å innføre studieavgift er en positiv tanke. En rekke private skoler har praktisert studieavgift i mange år, og tiden er kanskje inne til å revurdere prinsippet om gratis utdanning når vi ikke har råd til å forske og utvikle oss."

ARGUMENTASJON SNUDD PÅ HOVUDET

Argumentasjonen mot studieavgift ved dei private skolane har nettopp vore at det er "gratis" å studere ved dei offentlege skolane. Det må vera naturleg å kreve at staten må gi det same utdanningstilbod som dei private skolane og at staten aukar løyvingane til både dei private og dei offentlege skolane slik at utdanninga blir "gratis", og at forskings og utviklingsbehova blir ivaretatt.

Lønning har tydelegvis innsett at innafor dei utdanningspolitiske rammene som styresmaktene har sett, er det ikkje fem øre å hente. Derfor snur han heile problmstillinga på hovudet og tyr til omvendt logikk:

- Studentane skal betale dei løyvingane som staten ikkje vil gi.
- Fordi nokon betaler studieavgift skal alle gjøre det.

GRUNNFORSKING - ANVENDT FORSKING

I desperasjon over at den utdanninga som dei private skolane tilbyr

blir stadig meir populære blir Inge Lønning redd for å miste jobben.

Lønning påpeiker som riktig er at dei offentlege utdannings- og forskingsinstitusjonane ikkje har råd til å forske og utvikle seg. Forskinga blir ikkje ivaretatt. Høgre si utdanningsmelding som kom sommaren 1985 slo fast at det er viktig å prioritere grunnforskning. Dette står i motstrid til både Høgre og Arbeidarpartiet sin praksis i regjeringsposisjon, kor løyvingane til utdanning er blitt skore inn til beinet. Utdanningsinstitusjonane blir tvunget til å finne andre finansieringsformer, som t.d. sponing og studieavgift. Innafor dei eksisterande økonomiske rammene vil markedsretta forskning (anvendt forskning) bli prioritert på bekostning av grunnforskninga. Kortsiktige vekstområde vil bli prioritert på bekostning av langsiktig kompetanseoppbygging. Markedsretta forskning er ingen dårleg ting, men om det går på bekostning av grunnforskninga vil det hindre vitenskapleg utvikling

FEIL LØYSING

Inge Lønning sine bekymringar er berettiga, men svaret han gir på problema er feile og tener kun staten. Han må vende blikket mot styresmaktene og ikkje bli enda ein, i tillegg til staten representert ved lånekassen og Samskipnaden, som vil tyne studentane.

KVIFOR SOSIALISME ?

Kapitalismen er eit system der nød, sult, fattigdom, arbeidsløyse og aggresjonskrigar er typiske trekk samstundes som rikdomen hopar seg opp på nokre få hender. Dette er onde ting som gode menneske ikkje vil ha, men for å kunne avskaffe dei må vi prøve trengje under overflatefenomena og finne årsakene til desse utslagane av kapitalismen.

Alle samfunnsformasjonar er kjenne-teikna ved korleis produksjonen er lagt opp, kven som har kontrollen over produksjonen og dermed kontrollen over fordelinga av verdiskapinga.

Den grunnleggande motseiinga i alle varesamfunn ligg i at produksjonen er direkte privat, men berre indirekte samfunnsmessig. Vi skal sjå litt på kva det betyr.

Den produksjonen som går føre seg skjer for samfunnet (varen har bruksverdi). Når kapitalismen er eit varesamfunn så ligg det i det at kva som skal bli produsert, kor mykje og til kva kvalitet blir bestemt av den ein-skilde vareprodusenten, eller styret i den ein-skilde bedriften. Målet er privat fortjeneste - profitt. Fordel- inga av samfunnet sine produkt skjer ikkje etter ein plan, men til sam- funnsmedlemmane via marknaden, dit produsenten er nøydd til å bringe varene for å kunne hauste profitten.

På marknaden rår verdiloven, som regulerer produksjonen og bind prod- usentane saman. Verdiloven seier at varene skal byttast like for like ut i frå kor mykje arbeid som er lagt ned i dei (varens verdi).

Vi ser altså at produksjonen er direkte diktert av den ein-skilde bedriften, mens sjøl om produksjonen skjer for samfunnet så blir produkta fordelt blant folk og produksjonen regulert indirekte - gjennom verdi- loven på marknaden.

Konkret betyr dette at det ikkje er samfunnet sine reelle behov som styrer produksjonen, men den private jakta etter profitt.

Vidare betyr det at om du ønsker å skaffe deg ei kasserolle eller eit kilo mel, så må du betale ein pris for det - du må ha pengar.

Derfor kan millionar menneske døye av sult i den 3. verda medan korn og smør blir brent og dumpa i den rike delen

av verda. Det er ikkje den fattige sine behov som teller, men om ho har pengar.

Poenget med sosialismen er at han skal ta konsekvensen av at produksjo- nen er samfunnsmessig ved å gjere han direkte samfunnsmessig gjennom å innføre ein planøkonomi i staden for å la han vere diktert av verdiloven og den ein-skilde bedriften sine profittmotiv.

Det juridiske uttrykket for at prod- uksjonen er direkte privat og indirekte samfunnsmessig er den private eigedomsretten til produk- sjonsmidla. Dei som eig produksjons- midla; enten det er ein ein-skild kapitalist, eit aksjeselskap e.l.l. har òg eigedomsretten til produkta - varene. På bedriften er det blitt skapt ny verdi. Arbeidarane skaper produkt med høgare verdi enn råmateriala som blei nytta. Når varene så blir omsett, får eigaren hausta inn dette overskottet i forhold til det han spytta inn i produksjonen. Denne nye verdien som er skapt (meirverdien) er målet for bedriftseigaren. Men for samfunnet er det bruksverdien til varene som er viktig.

Det at arbeidaren er i stand til å skape ny verdi som er større enn verdien av arbeidskrafta medan det ikkje er arbeidaren i fellesskap som har kontrollen over denne meirverdien kallar vi for utbytting. Denne dannar grunnlaget for at vi seier at hovud- motseiinga under kapitalismen går mellom borgarskapet og arbeidarklassen.

Målet for sosialismen er at arbeidar- klassen overtar kontrollen av prod- uksjonsmidla. Det er berre arbeidar- klassen som kan ta over makta frå borgarskapet og styre samfunnet i retning av eit klasselaust samfunn. Årsaken er at arbeidarklassen er den einaste klassen under kapitalismen som har styrke, organ- isasjon og disiplin til å stille seg i spissen for ei samfunnsomvelting og at arbeidarklassen er den einaste klassen som ikkje kan frigjere seg sjølv utan å avskaffe alle klasse- skille.

CHILE — FRAMFOR FRIGJØRING ?

CHILE KJEM STADIG OFTARE FRAM I MEDIA. VI HAR HØYRT OM DEMONSTRASJONAR OG ATTENTAT MOT PINOCHET NYLEG. ETTER KUPPET I CHILE I 1973 HAR DEN USA-STØTTA JUNTAEN HOLDT OPPOSISJONEN NEDE MED VÅPENMAKT OG TERROR. DEI FLESTE HAR VEL HØYRT OM INTERNERINGA AV VENSTRE-RADIKALE I SANTIAGO FOTBALLARENA UNDER KUPPET OG FORVISINGA AV OPPOSISJONELLE TIL FJERNTLIGGANDE DELAR AV LANDET. KVA ER ÅRSAKEN TIL AT KAMPEN HAR STYRKA SEG OG AT PINOCHET SIN JUNTA REGIME SYNAST Å GÅ MOT SLUTTEN ?

HISTORIA

Pinochet kom til makta 11. september 1973, etter eit av dei mest blodige kupp i Sør-Amerika si historie. Allende hadde til da vore folkevalt statssjef, under eit stadig sterkare press frå kapitalkrefter i landet og frå USA.

Pinochet vart ønska velkomen av store delar av folket. Opposisjonelle vart anten fengsla og drept eller utvist frå landet. Pinochet og hans junta lova eit nytt Chile og lova å bringe Chile ut av den økonomiske nedgangsspiralen.

Han knytta til seg ei gruppe amerikanske økonomar som skulle rydde opp. Gruppa kalte seg "Chicago boys" og var leda av frimarknadstilhengaren Milton Friedman. Frimarknadspolitikken førte til ein kollosal import av luksusvarer. Bankene finansierte dette gjennom kjøp utan økonomisk sikkerheit. I 1982 sprakk bobla, gapet på handelsbalansen vart for stort og utanlandsgjelda for høg. Arbeidsløysa eksploderte og Pinochet devaluerte landet sin valuta med 90%.


Pinochet trur at vald er bygd på eit logisk prinsipp som vil føre til ei løysing av arbeidsløysa, nauden og den økonomiske depresjonen.

DEMOKRATISERING

Latin-Amerika har dei siste ti åra vore gjennom ein rivande demokratiseringsprosess. Regima i m.a. Argentina og Brasil er blitt styrta. Bare Chile og Paraguay er framleis styrte av fascistiske diktatur. USA gikk sist vår i frå sin tidlegare politikk om å bare fordøme det dei definerte som radikale regime og å stø reaksjonære regime. USA har vend juntaen i Chile ryggen og dermed tatt frå ham ein viktig del av grunnlaget for at han kan fortsette å sitte med makta.

Men den viktigste årsaken til at Pinochet sine dagar ved makta synest

å vera talte er aukande motstanden i folket. Det nasjonale borgarskapet representert ved kristelegdemokratane på den eine sida og venstresida på den andre sida har styrka seg. I lys av juntaen er fienden deira, har dei utvikla større grad av koordinering og einskap i kampen.



STUDENTANE

Studentane spelar ei viktig rolle innafor motstanden. I vår stod dei i spissen for den landsomfattande generalstreiken. I mai var det store studentdemonstrasjonar kor dei m.a. stilte krav om at den militære rektoren ved eit av universiteta i Santiago skulle gå av. Presset på juntaen vart så hardt at han måtte gå frå stillinga. Den offisielle forklaringa var: "avgang p.g.a. sjukdom." Studentleiarane blir fengsla ein etter ein i kjølevatnet av studentdemonstrasjonar som blir møtt med låregassgranatar og væpna styrkar. Dette hindrar ikkje rekrutteringa av nye som kan stå i spissen for kampen, eller motivasjonen og samholdet mellom studentane.

BLI MED I NKS !

KVA ER NKS ?

Norges Kommunistiske Studentforbund (NKS) er studentorganisasjonen til AKP(m-l). NKS jobbar med utgangspunkt i AKP(m-l) sitt prinsipp-program og utformar sin eigen politikk for dei områda NKS særskild jobbar med.

KVA VIL NKS ?

NKS sitt mål er eit sosialistisk samfunn. Sosialisme, eller proletariatets diktatur, er eit samfunn der arbeidarklassen er organisert som herskande klasse, dvs at arbeidarklassen har kontrollen over produksjonsmidla og leier samfunnet i spissen for resten av det arbeidande folket. Målet for sosialismen er nedbygging av alle klasseskilje sånn at vi får eit klasselaust - kommunistisk - samfunn der alle tar del i styringa på like fot.

KVA ER NKS SINE OPPGAVER I DAG ?

NKS har som oppgave å vinne folk for eit sosialistisk syn og arbeider for at studentane skal støtte arbeidarklassen si leiande rolle i kampen for sosialisme og kommunisme.

KVA ARBEIDER NKS MED ?

NKS arbeider for studentane sine interessar i kampen mot staten. NKS vil stille seg i spissen for kampen for studentane sine økonomiske, sosiale og faglege vilkår. NKS arbeider for at studentane skal solidariser seg med andre grupper som sloss for sine rettferdige krav mot staten og kapitalmakta. Vi ønsker å utvikle solidariteten med undertrykte folk og nasjonar over heile verda som sloss mot imperialismen.

KOR JOBBAR NKS ?

NKS deltar i arbeidet i NSU, FR, LNS o.l. Vi vil òg engasjere oss i Studenttinget, men meiner at det er viktigast å styrke dei uavhengige interesseorganisasjonane og auke aktiviteten på allmøta på faga og skolane. NKS deltar i det arbeidet Raud Front driv i og rundt Studentersamfundet.

KOR FINST NKS ?

I dag har NKS grunnorganisasjonar på AVH (Lade og Dragvoll), NTH og Sosialhøgskolen.

KORLEIS KAN DU BLI BETRE KJENT MED NKS ?

NKS arrangerer kvart semester studiesirklar der vi studerer og diskuterer marxist-leninistisk teori og AKP(m-l) sin politikk. Alle som er interesserte kan bli med på studiesirkel. Sirklane startar opp 30/9.

NKS - IKKJE BERRE TEORI OG PRAT, MEN ÒG PRAKSIS OG AKTIVITET !

NKS - IKKJE BERRE BLIND AKTIVISME, MEN ÒG TEORI !



STUDIESIRKEL

Vi startar studiesirkel 30/9.

Tema vil bli :

- politisk økonomi
- marxistisk filosofi
- revolusjon og sosialisme
- AKP(m-l) og NKS sin politikk
- politisk og praktisk førebuing av eit møte i Studentersamfundet og eit møte i Studenttinget

PÅMELDING :

- til NKS ar du kjenner
- på NKS-stand om onsdagane
- eller skriv til NKS, Prinsens gt. 14 7000 Trondheim.